

Ja, vi har fått presentert ei løysing, men ikkje kva som var problemet. Skulle reforma eventuelt løyse noko, trur eg ikkje folk beit på at **større er betre**, og dei trur ikkje på at færre kommunar betyr **betre lokaldemokrati**, men at det fører til **sentralisering**.

Folk forstår at **kjøtvekta truar distrikta** og bygdene. Og at dette er viktig for dei.

Det hjelp ikkje at fylkesmannen og **kampanjen frå FrP, Høgre og Venstre** prøvar å innbille oss noko anna. Bevisa ser vi i bygder som har mista for mykje. Når bygdene fell bort, er det heller ikkje eit omland som sikrar byane ein gong – då hadde vi mist alt. Slik som i Sverige.

Desse partia har eit **grasrotproblem**, og dette vil nok vere ein vekkjar på at vi må **ha ulike løysingar for by og land**.

Venstre er ikkje lenger eit parti som kjempar for lokalt sjølvstyre dei heller, men eit by-parti for sentrale strom. Dei seier på den eine sida at dei er for utvikling lokalt, men samstundes skal dei effektivisere gjennom sentralisering. Det er verken fugl eller fisk.

Dessutan stadfestar resultatet **kommunevalet frå i fjor**. Hugs at det faktisk var stilt spørsmål om reforma var død då. Det mistenkte nok også dei truande. Men **maskineriet** som var sett i verk rulla framleis. Fylkesmennene og regionråda hadde tilsett sine **konsulentar og prosessleiarar** og desse kunne berre male på.

Så kom **trugsmåla**. Men då gjekk det opp for folk at det var ein vesentleg **skilnad på lokaldemokrati som dei borgarlege** ville ha, og det som vi heldigvis har her i Noreg.

Vi har vorte presenterte med at vi får problem med å takle **framtidens utfordringar**. Men **framtida er her og no** – og vi taklar den litt etter litt og betre og betre kvar dag. Dette er utvikling, og den stoppar ikkje no.

*Vi har vorte minte på at kommunen ikkje skal ligge bakpå, men arbeide hardt for både **betre tilbod og utvikling av nye tilbod**. Men folk syner no ei tru på at **lokaldemokratiet er rusta til denne jobben**. Dei unge viser dette no – det er dei som har **tru på at eit folkestyre på lokalt nivå**.*